



## Prosjektstatus pr. 30. juni 2013.

DyrkSmart går over 3 år og har eit totalbudsjett på NOK 4,5 mill. Prosjektet har no arbeid i eitt år og i det fylgjande oppsummerer vi arbeid og resultat så langt.

### **Gardsbesøk:**

Prosjektet legg opp til å besøka alle produsentane tilknyta dei tre fruktlagera i Hardanger. Eit slik besøk varer 2-3 timar og frå prosjektet møter ein representant frå Norsk Fruktrådgeving Hardanger samt aktuell fruktlagerstyrar. Føremålet med besøket er å informera samt å kartleggja kva planar produsenten har for sin fruktproduksjon. Til no er om lag 40 bruk besøkt og det er utarbeidd plante-og ryddeplanar for ca 300 da. Det er epleplantingar som er mest i skotet, med 2/3 av volumet. Minst av moreller og pærer. *Den gjennomgåande tonen er mangel på ledig areal. Over 60 % av dei besøkte ynskjer å leiga meir jord.*

### **Langtidsleige av jord.**

Som nemnt ovanfor avdekkar prosjektet at mange produsentar ynskjer tilgang på meir areal. Fruktdyrking medfører investeringar med lang horisont og det er derfor utarbeidd ein mal, som er kvalitetssikra av kommune/fylkesmann, for langtidsleige (25 år) av jord. Malen ligg klar til nedlasting på <http://dyrksmart.no/nyhende-for-fruktnerdar/langtidsleige-av-jord/>.

### **Informasjon.**

Prosjektet skal gjennomføra informasjonstiltak for å auka kunnskapen om fruktnæringa. Vi har vore og informert Heradsstyret i Ullensvang, formannskapet i Ulvik samt Næring, Plan og Bygg i Kvam. Vidare har vi deltatt på Hardangerkonferansen, Landbrukskonferansen for Hordaland og på treff i Bergen i regi av Flytt til Hardanger. Vidare har vi fått brei omtale i Hardanger Folkeblad og Hordaland og har fått spalteplass i European Fruitgrowers Magazine.

### **Fruktklienten.**

Fruktklienten er eit viktig reiskap for både produsentar og lager. Prosjektet har i samarbeid med Øystein Spilde fått gjort ein del endringar for å gjera klienten enklare i bruk. Av justeringar kan nemnast forbetra teig/felt, registrering av sprøytingar og eigen "DyrkSmart" knapp under Personopplysningar der all informasjon om produksjonen er samla. Vidare vart det i vinter arrangert 6 kurs i fruktklienten på 5 ulike stader med over 100 deltakarar.

### **Påverknad.**

Prosjektet har engasjert seg i fleire tiltak for å betra råmevilkåra for næringa. Her vil vi særleg nemna auka støtte til planting og rydding der maksimaltilskotet no er auka frå 20 % til 30 %.

### **Opplæring.**

Prosjektet har vore med i utforming av det nye kurstilbodet på Hjeltnes. Dette starta opp i mars i år med over 30 deltakarar. Halvparten frå Hardanger og i hovudsak yngre folk.

### **Skjeresamlingar.**

I samarbeid med Norsk Fruktrådgeving er det gjennomført 11 skjeresamlinga med ca 110 deltakarar.



#### **Økonomi.**

Prosjektet har pr. 14. juni eit forbruk på NOK 1,1 mill dvs ca 25 % av totalbudsjett.

#### **Finansiering.**

Prosjektet har planlagt med ekstern finansiering på NOK 3 550 000 og pr dato er NOK 1 809 853 sikra og NOK 1 740.147 står att.

Sparebankstiftinga Hardanger har i brev av 2013-05-24 gjeve oss avslag på søknad om finansiering på NOK 1 550 000. Munleg er vi orientert om at dette skuldast otte for å verta skattesubjekt.

Fylkesmannen i Hordaland har løyvd NOK 600 000 og har gjeve positive signal om ytterlegare NOK 400 000 når prosjektet viser til resultat. Regionalt Næringsfond kutta søknaden med NOK 50 000 i førre runde. Det er mogeleg at ein ny søknad (frist 2013-09-01) kan resultera i NOK 50 – 100 000.

Sparebanken Vest signaliserer at dei har ein intensjon om å bidra ytterlegare med økonomiske midlar i prosjektet. Neste søknadsfrist er 2014-04-01. Banken har ikkje gjeve noko indikasjon på storleik av støtta.

Sluttfinansiering vert søkt sikra gjennom søknadar til Fylkesmannen i Hordaland, Regionalt Næringsfond og Sparebanken Vest.

#### **Styringsgruppa.**

Det har vore litt endringar i styringsgruppa og den er no samansett slik.

Magnus Opedal (Leiar)	Ullensvang Fruktlager
Jørund Kvestad	Fjordfrukt
Eva Aga Baas	Nå Fruktlager
Tomas Hesthamar	Fjordfrukt
Øyvind Vatshelle	Fylkesmannen i Hordaland
Asgeir Løno	Sparebanken Vest
Trond Steine	Observatør Landbrukskontora

#### **Kontakt oss.**

Har du kommentarar og/eller spørsmål er du velkomen til å ta kontakt. For kontaktinformasjon sjå <http://dyrksmart.no/kontakt-oss/>.

Lofthus/Utne 30. juni 2013

Magnus Opedal  
-Leiar styringsgruppa -

Sjur Ove Svartveit  
-Prosjektleiar-